



Skulemusikken spelar under storsamlinga for skulekorps i Aktivitetshuset. Thea S. Taranger er solist.(Foto: T.I. Døssland)

Sesongen er godt i gang i skulemusikken, og det nærmar seg skulemusikkbasar. Den vert 9. november etter same mønster som i fjor. Då vart den svært vellukka med mykje fint i handarbeid blant gevinstante. Det var m.a. mange par med flotte selbuvottar og anna fint heimestrikka.

No vender leiinga i skulemusikken seg til folk i bygda og håpar at dei kan bidra til at gevinntlista på basaren vert minst like fin dette året. I tillegg skal dei gjenta den store fjorårssuksess med adventskalendar og treng gevinstar også til den.

Gevinstar kan ein levera til ein i skulemusikken, men dersom det er noko ein lurar på, kan dei venda seg til Haldis Aakra (970 43 869), Janne G. Hjørnevåg (977 08 567) eller Hege Lekva (988 07 713). Dei tre understrekar at dei er svært takksame for velviljen dei møter i arbeidet med skulemusikken, og legg til:
- Det er vi svært glade for, og vi er heilt avhengige av det.

Gevinstante til basaren må leverast eller meldast inn innan 15.oktober.



Siste 2 åra har skulemusikken igjen sytt for musikk i Folketoget. Her kjem dei bak flaggborga.(Foto: Ola Matti Mathisen.)
Tekst og nett: Thor Inge Døssland.